



Protokoll frå årlig møte i handballgruppa 2023

DAG: Måndag 27.februar 2023

TID: 19.00-20.30

STAD: Møterommet på klubbhuset

- Sak 1: Godkjenne røysteføre**
5 medlemmar til stades – alle røysteføre
- Sak 2: Godkjenne innkallinga**
Innkalling sendt ut på handballgruppa si facebookside, og til alle medlemmar i handballgruppa gjennom appen Spond.
Vedtak: samrøystes godkjent.
- Sak 3: Godkjenne saklista**
Vedtak: samrøystes godkjent.
- Sak 4: Val av ordstyrar**
Vedtak: Vivian Johansen vart valdt som ordstyrar
- Sak 5: Val av referent**
Vedtak: Vivian Johansen vart valdt som referent
- Sak 6: Val av to medlemmar som underskriver protokollen**
Vedtak: Heidi- Beate Siring Grimstad og Christian Jønsson blei valde til å underskrive protokollen.
- Sak 7a: Styret si årsmelding for 2022**
Årsmeldinga er lest og signert av alle i styret
Vedtak: samrøystes godkjent.
- Sak 7b: Styret sin rekneskap for 2022**
Heidi- Beate Siring Grimstad viste til utsendte dokument og gjekk igjennom rekneskapen for 2022.
Vedtak: Rekneskapen for 2022 vart godkjent.
- Sak 8: Fastsette treningsavgift for sesongen 2023-2024**
Styret i handballgruppa har lagt fram forslag om justering av treningsavgifta for handball (sjå vedlegg). Forslag om at treningsavgifta vert fordelt på to innbetalingar, haust (november) og vår (mars).
Vedtak: Forslag til nye treningsavgifter er godkjent.
- Sak 9: Fastsette budsjett for 2023**
Vedtak: Budsjett for 2023 er godkjent.

Sak 10:

Val av nytt styre:

Det var ikkje sett ned ei valnemnd på førre årlege møte.

Fem av medlemmane i styret står på val i år. Fire av dei fem tek attval på ei ny periode. Vi manglar då ein styremedlem. Dette blir det arbeidd med å få på plass før årsmøte i hovedlaget. I tillegg blir det arbeidd med å få på plass ny valnemnd.

10.1 Styreleiar:

Vivian Johansen tek attaval som styreleiar for 1 år

10.2 andre styremedlemmar:

Rune Olsen tek attval som styremedlem for 2 år

Odetta Galdikiene tek attval som styremedlem for 2 år

Astrid Ertesvåg tek attval som styremedlem for 2 år

Christian Jønsson ynskjer avløyning.

Her vert det arbeidd for å få på plass nytt styremedlem til årsmøtet 22.mars.

10.3 to medlemmar til valnemnda

Her vert det arbeidd med å få på plass to medlemmar som valnemnd til neste års val.

Heidi-Beate S. Grimstad
Heidi-Beate Siring Grimstad

Christian Jønsson
Christian Jønsson



Årsmelding for 2022 frå Handballgruppa i Hareid IL

Styret har sidan årsmøtet for 2021 hatt slik samansetjing:

Leiar: Vivian Johansen

Nestleiar: Astrid Ertesvåg

Styremedlem: Maria Juul Hansen - Sekretær

Styremedlem: Heidi-Beate Siring Grimstad- Økonomi og sponsoransvarleg

Styremedlem: Rune Olsen- Utstyrsansvarleg

Styremedlem: Christian Jønsson- Kiosk og arrangementsansvarleg

Styremedlem: Odeta Galdikas- Dommaransvarleg

Styret sitt arbeid:

Oppmøte i styret har vore god.

Styret har hatt 8 styremøter og handsama i alt 39 saker, mellom anna:

- a. Trenarkontrakter: Styret har vedteke ny trenaravtale. Trenarar som trenar lag i seriespel får godtgjersle, hummelutstyr for om lag 500 kr og dekka treningsavgift for egne born. Trenarar for minilaga får utstyr for om lag 500 kr og dekka treningsavgift for egne born. Godtgjersle skal forhandlast med styret for kvar sesong.
- b. Treningslisens: treningslisensen skal no sendast ut i november kvart år.
- c. Spelar plukka ut til regional talentsamling i Orkanger: Anna Maria Kostaris (J16) er plukka ut til å delta på regional talentsamling i Orkanger juni 2022. Styret dekkjer eigenandelen, og gratulerer Anna med uttaket.

- d. Kongebesøk: Hareid kommune fekk besøk av kongeparet i september i år. Handballgruppa blei invitert til å stille med 5 utøvarar som skulle representere handballen/ Hareid IL under besøket: Sunniva Liaset, Anna Kostaris, Sara Kvammen, Lilly Brandal og Angelica Ø. Solheim.
- e. Hareid IL 100 år: Handballgruppa har vore aktive deltakarar på fleire av arrangementa gjennom jubileumsåret. Sterkast markerte vi oss på aktivitetdagen i september. Der arrangerte vi Showkamp mellom inviterte politikarar og tilsette ved rådhuset og Jente 16. Arrangementet var vellukka til tross for fleire skadde deltakarar.
- f. Samarbeid med Hødd: Hausten 2022 blei det inngått ein samarbeidsavtale mellom Hareid J16 og Hødd J16. Jentene stiller eitt lag Hareid/ Hødd. Laget har to trenarar, ein frå Hødd og ein frå Hareid. Laget trenar og spelar heimekampar både i Hødd Arena og Hareidhallen. Laget spelar i Hødd drakter og Hareidsdrakter 50/50 gjennom sesongen. Samarbeidet har fungert svært godt fram til no, sjølv omlaget ikkje kan vise til så mange lagsigrar til no i sesongen.
- g. Dugnad –loddsalg: Handballgruppa arrangerte loddsalg i veka før haustferien. Dette var vellukka og gav klubbkassa rundt 20 000 kroner ekstra.
- h. Dommarkurs: Jente 16 har delteke på dommarkurs grunnkurs på Arena Hødd denne hausten. Viktig for å skape god regelforståing for spelarane – anten dei tenker å bli dommarar eller ikkje. Etter dette kurset kan jentene dømme minikampar.

Medlemskap i gruppa:

Alderstrinn	Gutar				Jenter				SUM
	0-5 år	6-12 år	13-19 år	vaksne	0-5 år	6-12 år	13-19 år	vaksne	
		4	0	3		34	11	19	71

Seriespel: Vi meldte opp fire lag til seriespel denne sesongen, men allereie før første seriekamp måtte vi trekke damelaget frå serien grunna få spelarar. I utgangspunktet har vi mange aktuelle utøvarar som har eit stort ynskje om å spele handball for Hareid, men dei siste åra har skader, fødsjar og sjukdom ført til stor usikkerheit rundt oppmøte til trening og kamp. Handballgruppa vil gjerne ha eit aktivt seniorlag, og vil mobilisere og legge til rette for dette til neste sesong igjen. Då vil fleire av spelarane på J16 også vere aktuelle som utøvarar på seniornivå.

Vi har ei kjekk minigruppe som i haust deltok på Ørstacup. Ei flott oppleving for dei små handballspirane.



LAG	FØDT	TRENARAR	TRENINGSTIDER
J/G 9	f.2013 og 2014	Ina Flø Nasset Maria Slettebakk Heidi- Beate Siring Grimstad	1 dagar i veka
J11	f.2011 og 2012	Olav Haug Vikebakk Torild Haug Vikebakk	2 dagar i veka
J16	f.2007, 2006 og 2005	Stasys Galdikas Odd Arild Djupvik	3 dagar i veka
Dame	f. 2004 og før	Guri Breivik Dette laget måtte vi trekke før sesongstart.	2 dag i veka
J/G mini	f. 2015	June Skeide Bergset	1 dag i veka

Dommarar 2022-2023:

Handballgruppa har hatt tre aktive dommarar sesongen 2022-2023: Linda Marie Godø, Cecilie Skeide og Morten Berge.

Økonomi: Handballgruppa har i år hatt inntekt frå loddsal (eige initiativ) og Fibgreen-dugnad (gjennom hovudstyret). Kioskinntekter og inntekt frå treningsavgift har vore lågare enn budsjettert grunna færre lag i seriespel i år enn i fjor, men av same grunn har også nokre budsjetterte utgifter vore lågare. I sum går vi med rundt 16000 kr i overskot i 2022. Vi ser at vi er avhengig av inntekter frå ein til to dagnader i året for å oppretthalde balansen økonomisk, samt at vi må vurdere å heve treningsavgifta som vi med vilje har holdt låg dei siste åra.

Sluttord: Handballgruppa har hatt ein nedgang i talet på medlemmar denne sesongen. Vi strevar med å halde på utøvarane etter kvart som dei blir eldre, og dei vel andre aktivitetar og idrettar framfor handballen.

Når no turnen har flytta inn i nye og flotte omgivnader i den nye Basishallen til Hareid IL, opnar det for at handballen får meir treningstider og betre lagringsmogelegheiter til utstyr i hallen. Dette skaper motivasjon og optimisme hjå mange handballhjarter i Hareid.

Vi er optimistiske for neste sesong, og kryssar fingrane for at vi får på plass trenarkrefter som kan motivere og skape nye handballspelararar for framtida i Hareid.

Hareid, 10.01.2023

Vivian Johansen

Leiar



Astrid Ertesvåg

Nestleiar

Maria Juul Hansen

Styremedlem

Heidi- Beate Siring Grimstad

Styremedlem



Christian Jønsson

Styremedlem



Rune Olsen

Styremedlem



Odetta Galdikiene

Styremedlem



OVERSIKT FUNKSJONAR FOR HANDBALLEN 2022

I vedtektene for utmerkingar i Hareid Idrettslag står der at alle gruppene må opplyse i årsmeldingane sine kven som har hatt desse funksjonane det siste året:

Verv	Namn	1 årspoeng	0,5 årspoeng
Gruppeleiar	Vivian Johansen	x	
Nestleiar	Astrid Ertesvåg		x
Sekretær	Maria Juul Hansen	x	
Økonomiansvarleg	Heidi-Beate Siring Grimstad	x	
Styremedlem	Rune Olsen Christian Jønsson Odeta Galdikas		x
Leiar Idrettsrådet			x
Sekretær Idrettsrådet			x
Ubetalt trenar for utøvarar over 18 år		x	
Oppmann for utøvarar over 18 år		x	
Ubetalt trenar for utøvarar under 18 år	Stasys Galdikas Torild Haugen Vikebakk Olav Vikebakk Ina Flø Nettet Maria Slettebakk June Skeide Bergset		x
Oppmann for utøvarar under 18 år	Linda Marie Godø Trude Børjeson Sjørdal Christian Jønsson Kristine Asp Jakobsen		x

HANDBALLGRUPPA I HAREID IL

Klassetrinn	Tal treningar	Treningsavgift haust	Treningsavgift vår
1.-2. klasse MINI (J/G)	1 dag i veka	250.-	250.-
3.-4. klasse J/G 9	1 dag i veka	250.-	250.-
5.-7.klasse J 11	2 dagar i veka	300.-	300.- *
8.-10.klasse	2-3 dagar i veka	400.-**	400.-
16 år og oppover Damelag	3 dagar i veka	600.-**	600.-

*Utøvarar må i tillegg betale lisens til handballforbundet frå det året dei fyller 13 år (andre halvdel av 7.klasse). Lisensen inkluderar forsikring for utøvarane både på trening og på kamp.

**Utøvarane betalar i tillegg ein årleg lisens til handballforbundet. Denne inkluderar forsikring for utøvarane både på trening og på kamp.